

VEDLEGG 2

LOV OM GRUNNSKOLEN OG DEN VIDAREGÅANDE OPPLÆRINGA (OPPLÆRINGSLOVA). LOV AV 17. JULI 1998 NR 61.

Kapittel 6. Samisk opplæring

§ 6-1. *Definisjonar*

I lova her tyder

- same: person som kan skrivast inn i samemanntalet, jf. § 2-6 i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (samelova), og barn av dei som kan skrivast inn
- samisk: nordsamisk, sørsamisk eller lulesamisk
- samisk distrikt: 1) det samiske forvaltningsområdet etter § 3-1 i samelova, 2) andre kommunar eller delar av kommunar etter forskrifter gitt av Kongen i statsråd etter at Sametinget og dei kommunane og fylkeskommunane spørsmålet gjeld, har fått uttale seg.

§ 6-2. *Samisk opplæring i grunnskolen*

I samiske distrikt har alle i grunnskolealder rett til opplæring i og på samisk.

Utanfor samiske distrikt har minst ti elevar i ein kommune som ønskjer opplæring i og på samisk, rett til slik opplæring så lenge det er minst seks elevar igjen i gruppa. Kommunen kan vedta å leggje opplæring på samisk til ein eller fleire skolar i kommunen.

Kommunen kan gi forskrifter om at alle i grunnskolealder i samiske distrikt skal ha opplæring i samisk.

Utanfor samiske distrikt har samar i grunnskolealder rett til opplæring i samisk.

Departementet kan gi forskrifter om alternative former for slik opplæring når opplæringa ikkje kan givast med eigna undervisningspersonale på skolen.

Elevane avgjer sjølv om dei vil ha opplæring i og på samisk frå og med 8. klassetrinnet etter første, andre og femte leddet.

§ 6-3. *Samisk vidaregåande opplæring*

Samar i vidaregåande opplæring har rett til opplæring i samisk. Departementet kan gi forskrifter om alternative former for slik opplæring når opplæringa ikkje kan givast med eigna undervisningspersonale på skolen.

Departementet kan gi forskrifter om at visse skolar, kurs eller klassar skal tilby opplæring i eller på samisk eller i særskilde samiske fag i den vidaregåande opplæringa. Fylkeskommunen kan også elles tilby slik opplæring.

§ 6-4. Innholdet i opplæringa

Forskrifter om læreplanar etter § 2-3 og § 3-4 skal gi pålegg om opplæring om den samiske folkegruppa og om språket, kulturen og samfunnslivet til denne folkegruppa i tilknytning til dei ulike fagområda. Innanfor rammer fastsette av departementet gir Sametinget forskrifter om innholdet i slik opplæring.

Sametinget gir forskrifter om læreplanar for opplæring i samisk språk i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa, og om læreplanar for særskilde samiske fag i den vidaregåande opplæringa. Forskriftene må liggje innanfor omfangs- og ressursrammer fastsette av departementet.

Departementet gir forskrifter om andre særskilde læreplanar for opplæringa i samiske distrikt og for elevar utanfor samisk distrikt som får samisk opplæring. Sametinget skal i samråd med departementet lage utkast til desse forskriftene.

I kraft 1 aug 1999, etter res. 27 nov 1998 nr. 1096, men likevel slik at gjeldande læreplanverk for grunnskolen (L97 og L97S) og gjeldande læreplanar for vidaregåande opplæring blir vidareførte fram til Sametinget har vedteke nytt.